



Føresette i 2C

Ikkje offentleg  
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/638 - 16/21382

Saksbehandlar:  
Magne Lædre  
magne.laendre@meland.kommune.no

09.11.2016

## Informasjon om tiltak knytt til inneklimatematikk i rom 155.

Sagstad skule fekk 1. oktober ein klage på inneklimate i klasserommet til 2C, rom 155. Det blei rett etter haustferien gjort målingar av CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen, temperatur og relativ luftfuktleik.

Desse målingane gav oss følgjande resultat:

**CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen** ligg over norm kvar dag i måleperioden. På det meste ligg CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen over norm i 2,5 t av opphaldstida inne. Maksimum er målt til 1374 ppm. Dette er ikkje tilfredsstillande. I snitt ligg CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen over og like under norm (ca. 800 – 1000ppm) kvar dag. Dette er høgt.

Klasserom 156 vart nytta som referanse og her ligg snittmåling på 564 ppm gjennom heile måleperioden, og ingen måling er over norm. Det var normal personbelastning og skuleaktivitet i måleperioden.

Ut frå dette ser ein at ventilasjonsanlegget i klasserom 155 ikkje gjer tilfredsstillande luftutskifting. Det vart lufta i friminutt, men dette er ikkje nok for å halde CO<sub>2</sub>-konsentrasjonen under norm gjennom dagen.

**Luftutskiftinga er ikkje tilfredsstillande.**

**Temperaturen** i klasserom 155 har ei middelvverdi på ca. **22 - 23°C** og maks på ca. **24 °C**. Dette er innanfor anbefalt temperaturkrav, men Folkehelseinstituttet anbefaler at temperatur bør senkast dersom den overstig 22°C i fyringssesongen. Temperaturen kan med fordel senkast.

Verdiane for **relativ luftfuktleik (RL)** ligg i snitt på ca. 33 - 41 %, og er tilfredsstillande.

I opplæringslova § 9a-1 står det: *"Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring."*

Skulen set derfor inn desse tiltaka for at elevane skal få eit tilfredsstillande fysisk miljø:

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

- 1. Skulen endrar på ringetidene. Vi starter med ein dobbelttime (90 minutt) i 1. og 2. time når luftkvaliteten er god etter natta. Dette gjev ei kortare arbeidsøkt midt på dagen og betre moglegheit for luftutskifting.

- 2. Skriftlege luftingsrutinar: Lufting rundt toppane for CO2-konsentrasjon. Det skal luftast med vindauger og dør open.

o 1. lufting frå 09.10 - 09.20

o 2. lufting i friminutt frå 10.00 - 10.10.

o 3. lufting frå 10.40 - 10.50.

o 4. lufting i friminutt frå 11.20 - 11.50.

o 5. lufting frå 12.20 - 12.30

o 6. lufting i friminutt frå 12.50 - 13.00

o 7. lufting frå 13.30 - 13.40.

- 3. Montering av termometer i klasserommet for lettare å kunne regulere temperaturen.

- 4. Kontroll og ny innregulering av ventilasjonsanlegg.

Vi vonar dette vil gje elevane eit tilfredstillande fysisk miljø og oppmodar samtidig føresette til å ha dialog med skulen om korleis elevane opplever luftkvaliteten i klasserommet.

Med helsing

Magne Lædre  
rektor

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Føresette i 2C